

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I BSI PADLING

DATO: 20.01.2011

KLOKKESLETT: 19:00

STAD: Høgteknologisenteret, Thormøhlensgate 55



Sak 1	Godkjenne innkalling og dagsorden
Sak 2	Velje møteleiar og sekretær
Sak 3	Årsmelding for 2010
Sak 4	Rekneskap for 2010
Sak 5	Innkømne forslag
Sak 6	Kontingent og naustleige
Sak 7	Budsjett 2011
Sak 8	Val

Ytterdøra er låst, så kom presis.

Årsmelding BSI Padling 2010

Innleiing

Styret har i 2010 hatt følgjande samansetjing:

Leiar:	Michael L. Storebø
Nestleiar:	Elin Thorsen
Kasserar:	Kelda Dinsdale
Kursansvarleg:	Bente Solberg
Tur- og materialansvarleg:	Joanna Bauer
Informasjonsansvarleg:	Harald A. Skontorp
Naustansvarleg:	Espen Raa Nilsen
Varamedlem:	Jonny Kvistad

Styret har halde åtte styremøter i 2010, og behandla 66 saker.

BSI Padling har hatt 304 medlemmer i 2010, og har leigt ut 143 plassar til medlemmane sine private kajakkar.

Økonomi

Vårparten var prega av ein uoversikteleg økonomi pga dårleg oppdaterte og kontrollerte medlemslister og liste over private kajakkar i klubbnauset. Styret fekk pga dette fullmakt frå årsmøtet til å justere budsjettet når ein fekk oversikt over økonomien. Kasserar, med god hjelp av kursansvarleg og naustansvarleg, fekk rydda listene og krevja inn uteståande fordringar i løpet av vårsemesteret. Denne kontrollverksemda førte til at klubben fekk mykje større inntekter enn budsjettert, og er hovudårsaken til det gode resultatet i år.

Klubben sine største inntekter er leigeinntekter frå private kajakkplassar og medlemskontingent. På utgiftssida er husleige den klart største posten. På grunn av dei store inntektene bestemte styret seg for å gjere store utstyrsinvesteringar i år, og dermed har denne posten vorte den nest største. Likevel har klubben gått med eit stort overskot i 2010.

Nausta våre

Klubben har i 2010 nytta klubbnausta i Sandviken og Englebogen til lagring og utgangspunkt for padleturar. Naustet i Englebogen disponerer vi mot at vi held det ved like, og det har plass til seks kajakkar. Tidleg på sommaren vart det sett i stand av ein dyktig og arbeidsam dugnadsgjeng, og det vart nytta som utgangspunkt for ettermiddagsturar i sommar, og for instruktørtrening utover hausten.

Naustet i Sandviken har ikkje gjennomgått større endringar i 2010. Vi har fått tilbod om å leige etasjen over, men styret ser ikkje behov for meir lagringsplass. Ved årsslutt var 49 plassar ledige for lagring av private kajakkar.

Informasjonsarbeid og rekruttering

Nettsidene på <http://bsipadling.no> har fått nokre oppdateringar i 2010, mellom anna eit system for registrering av medlemmer og kursdeltakarar, logg for skadar på klubbstyr i forumet, samt kosmetiske endringar. Det har vorte registrert 67296 treff frå 6543 unike brukarar.

Nyhende om aktivitetar har vorte publisert på nettsidene og e-postlista. Forumet har også vore i bruk til informasjon av meir uoffisiell art, og vi har fått oss ei offisiell gruppe på Facebook som vert administrert av styremedlemmene.

Klubben hadde stand på Studentsenteret i samband med semesterstart hausten 2010, og fekk der registrert om lag 60 studentar som var interessert i å byrje å padle med oss. Arbeidet ved semesterstart vart fylgt opp med gratis prøvekvevdar for studentar, eit tilbod som vart veldig populært.

Sosiale aktivitetar

Forutan padleaktivitet, har klubben hatt fast pubkveld den fyrste torsdag i månaden, med godt oppmøte. I juni arrangerte vi leikedag med påfølgjande grillfest i naustet i Sandviken.

I september var det klubbmesterskap i redningsteknikkar. Det vart konkurrert i kameratredning, eigenredning, rulle og kasteline. Oppmøtet var moderat, men dei som deltok hadde det veldig kjekt. Arrangørane ynskjer å jobbe vidare med konseptet i 2011, og då spesielt prøve å rekruttere fleire nye padlarar til å delta.

I desember vart det arrangert ein veldig vellukka julefest. Elvepadlarane har i tillegg hatt filmkveld i naustet.

Havpadling

Faste padleaktivitetar

Det vart arrangert bassengtrening fom januar tom 21.03, etter dette arrangerte elv bassengtrening kun for elvepadlarar ut april. Vi mista tilgangen til basseng i mai, pga for mykje forurensning frå utstyr, så dette tilbodet gjekk ut.

Klubben har som før hatt fast padling med instruktør tysdagar og torsdagar, i år frå 6. april til og med 28. oktober. Oppmøtet har vore særst godt, 22 på det meste, og nokre av ettermiddagane har det vore fleire padlarar enn ledige båtar. Diverre har vi også vore nøydd til å avlyse nokre ettermiddagspadlingar pga instruktørmangel.

I sommar organiserte Bente ettermiddagspadling på Sotra, og dette vart eit veldig populært tilbod.

Klubben arrangerte to leikedagar i vårsemesteret og ein leikedag på hausten. Fyrste leikedagen i mai, var pololeikedag på God Tur. Diverre var det få oppmøtte, men dei som møtte var veldig fornøgd. På leikedagen i juni var det stort oppmøte og mykje moro. Leikedag i september var oppvarming og øving til klubbmesterskapet. Veldig moro og mykje bading. Det vart arrangert ein polodag til på God tur, men diverre lite oppmøte denne gongen også.

I november vart det arrangert vinterpadling. Dårlege vêrforhold gjorde at det var vanskeleg å rekruttere instruktørar til desse padleturane, men vi fekk arrangert to turar. Begge turane vart korte pga dårleg vêr.

Det vart arrangert julepadling 16. desember. Arrangementet vart ein stor suksess med pynting av kajakkar, gløgg og pepperkakekos. Diverre møtte ikkje pressa opp sjølv om dei vart invitert. Men vi fikk mykje merksemå fra forbipassarende på Vågen, og fleire tok bilete av opptoget. Alle var strålende fornøgd, og vi ynskjer å gjere dette til ein tradisjon i klubben

Turar

Styret har vore godt nøgd med turtilbodet vi har hatt i år. Joanna har leia mange av turane sjølv og vore primus motor for dei som vil padle utanfor Byfjorden. Følgjande havturar vart arrangert av BSI Padling i 2010:

- 21.-24.05 Horgo
- 03.06. Langøy
- 04.-06.06. Fitjar
- 05.-06.06. Flåm til Gudvangen
- 07.-08.06. Ervikane
- 11.-13.06. Jondal
- 25.-26.06. Åreleiken
- 27.06. Øygarden/Nautnes
- 03.-04.07. Kollevåg
- 06.-08.08. Gulen
- 14.-15.08. Bømlo
- 24.-26.09. Bømlo

Kursverksemd

Vi har hatt ein hektisk sesong med mange og gode kurs i BSI. Kursa vi har hatt denne sesongen innanfor NPF sin kursstige er: Grk.del1, Grk.del2, teknikk og aktivitetsleiar. Nytt av året er at vi har også arrangert heile grunnkurset (del1+2) som helgekurs (1 kurs gjennomført). I tillegg har vi hatt rullekurs, kajakkreparasjonskurs og fyrstehjelpskurs.

Totalt sett har det vore arrangert 17 kurs, der 12 er NPF-kurs, og vi har hatt 170 medlemmer på kurs hjå oss i løpet av 2010. Dette er kjempebra, og vi har all grunn til å vere stolt av våre aktive medlemmer og instruktørar. Liste og grafisk framstilling for kurs i 2010 og 2009 følgjer under tekst.


I løpet av 2010 har det også vorte gjennomført ein oppfylgjingsdag for dei som deltok på teknikkurs i vår med stor suksess. Hausten 2010 fekk vi endelig nok deltakarar til å gjennomføre aktivitetsleiar kurset, og utdanna 5 nye aktivitetsleiarar. I tillegg har det også kome ein eller to nye medlemmer som også er innehar denne kompetansen. Tre av våre medlemmer har teke Vidaregåande kurs hav gjennom NPF. Styret håpar både nye og gamle instruktørar vil vere aktive og ein god ressurs for klubben i komande sesong.

Klubben var også godt representert på NPF si instruktørsamling på Golta, og på Symposiet og Stormsamlinga.

Diverre vart ein del kurs i haustsemesteret avlyst eller gjennomført med redusert kapasitet, grunna mangel på instruktørar. Med dei nyutdanna instruktørane frå i haust, håpar vi at vi unngår dette i 2011.

Ein av målsettingane for 2010 var å få fleire av dei som går på kurs hjå oss til å verte aktive på faste padlingar. Dette er vi ikkje heilt sikre på om vi har fått til, så det bør framleis vere mål for oss vidare framover, og styret for 2011 prøve å finne metodar for å få mange aktive padlarar.

Styret vil nytte høvet til å seie tusen takk for god innsats til alle dei aktivitetsleiarane som har halde kurs for oss gjennom 2010!



BSI kurs, hav - 2010		
Kurs type	antall kurs	antall deltakere
Grk1	6	82
Grk2	2	29
Grk1+2	1	7
Teknikk	2	16
Aktled	1	5
Rulle	3	12
Andre	2	19
Sum	17	170

Utstyr

Kajakkane fekk sitt årlege vedlikehald på dugnad ved sesongstart i mars, men fleire av båtane har trengt reparasjonar i løpet av året.

Vi har også kjøpt inn ein del nytt utstyr:

- 1 P&H Delphin
- 1 Arrow Nuka
- 1 Boreal Design Baffin
- 1 North Shore Polar
- Årer
- Hjelmar

Utlån av klubbkajakkar

Diskusjonen rundt utlån av klubbkajakkar til medlemmene vart starta av det førre styret, og vidareført i 2010. Styret hadde eit opplegg rundt ordninga klart rundt sommertider, men grunna problem med å få ein ansvarleg for ordninga, bestemte vi oss etter kvart for å heller gå for ei fadderordning der medlemmer kan verte fadder for ein kajakk og nytte denne også utanfor klubbaktivitet. Føresetnaden er at medlemmet også tek ansvar for vedlikehaldet av kajakken han eller ho er fadder for. Fadderordninga vil verte igangsett frå og med sesongstart 2011.

Elvepadling

Turar

Klubben har hatt eit aktivt år når det gjeld turar dette året. Dei fleste turane har vorte arrangert som spontanturar gjennom mailinglista til klubben, og tidvis har det vore stor aktivitet på denne mailinglista med tilbod og ynskjer om opptil fleire turar kvar veke. Playboat-interessa i klubben har generelt vore stigande gjennom året, fleire av medlemmane har anskaffa seg leikebåt, og ein av dei nye klubbåtene er ein leikebåt. Dette har medført at det har vore arrangert fleire turar der målet har vore surfing i leikebåt.

Spesielt vårhalvåret var svært aktivt med ei rekkje turar til vassdraga rundt Voss. I helga då Voss kajakkklubb arrangerte demonstrasjon for vidare vern av Raundalselva, samt i pinshelga var ei rekkje av klubbens padlarar på Voss heile helga for å padle.

Gjennom sommaren har klubben vore godt representert på både Ekstremsportveko og Sjoafestivalen.

Utover hausten har aktiviteten vore noko lågare grunna låg vassføring generelt i elvane rundt Bergen og på Voss. Medlemmane har likevel utnytta godt moglegheitene nedbør har gjeve for ytterlegare padling. Det har vore turar til vassdraga rundt Voss når dette har vore mogleg. I tillegg har det vore invitert til turar i vassdraga rundt Bergen når nedbør har gjort desse padlbare.

Klubben har og arrangert to helgeturar til Jølstra gjennom hausten, der ein av desse vart arrangert som ein intern klubbworkshop innan playboat-padling.

Kursverksemd

Vi har arrangert følgjande NPF-kurs i klubben i år: To grunnkurs, eitt tryggleikskurs og eitt teknikkurs. Klubben har ikkje sjølv hatt instruktørar til å halde kursa, så vi har og dette året leigd inn eksterne for å halde kurs for oss.

Bassentrening

Klubben hadde bassentrening frå januar til april. Etter dette mista vi tilgangen til basseng fordi det var problem med vasskvaliteten pga forureining frå båtar og utstyr. Det har vorte jobba med å finne eit alternativ, og styre er positive mtp å få det til i 2011.

Instruktørutvikling

BSI Padling har fått ein ny aktivitetsleiar elv. Jonny Kvistad deltok på aktivitetsleiarkurs på Sjoa i sommar, og fleire har meldt at dei vil fylgje hans gode eksempel til neste år.

Utstyrsinnkjøp

Klubben har kjøpt inn tre elvekajakkar, samt ein del årer, hjelmar, kasteliner og øvrig tryggleiksutstyr til elvepadling. Det nye utstyret har vorte godt teke imot av elvepadlarane.

Oppsummering

2010 har vore eit godt år for BSI Padling, både aktivitemessig og økonomisk. Medlemmene har hatt mykje aktivitet å ta del i både på elv og hav, og fått mange nye kajakkar å padle.

Styrearbeidet har bore mykje preg av økonomiopprydding og arbeid med å få nok instruktørar til dei ulike aktivitetane, men vi har likevel fått til eit høgt aktivitetsnivå med god kvalitet.

Oversikt BSI - Økonomi 2010

	Bud INN - 2010	Bud UT - 2010	Resultat - 2010	Rest	Kommentar
3920 - Medlemskontigent	kr 110,000.00		kr 151,600.00	kr -41,600.00	<i>inkl etterbetaling fra 2009</i>
3600 - Kajakkleie (plasser)	kr 115,000.00		kr 158,900.00	kr -43,900.00	<i>inkl etterbetaling fra 2009</i>
3910 - Kursavgift	kr 90,000.00		kr 132,150.00	kr -42,150.00	<i>høy kurs aktivitet, spes grk</i>
3400 - Tilskudd	kr 30,000.00		kr 107,774.15	kr -77,774.15	<i>inkl tilskudd fra 2009</i>
3970 - Arrangement	kr -		kr 100.00	kr -100.00	-
3999 - Diverse inntekt	kr 40,000.00		kr 1,000.00	kr 39,000.00	<i>ekstra innbetalinger, senere refundert</i>
8040 - Renteinntekter	kr -		kr 294.00	kr -294.00	<i>ikke budsjettert, men føres separat</i>
	kr 385,000.00		kr 551,818.15	kr -166,818.15	
6300 - Leie lokale		kr 229,000.00	kr 230,473.00	kr -1,473.00	-
4200 - Utstyr		kr 50,000.00	kr 105,725.50	kr -55,725.50	<i>økt innkjøp for "ekstra" tilskudd fra 2009</i>
6620 - Drifts/Reparasjon/Dugnad		kr -	kr 10,516.04	kr -10,516.04	<i>dugnad gjennomført med bevertning</i>
6780 - Lønn instruktører		kr 60,000.00	kr 89,928.00	kr -29,928.00	<i>høy kurs aktivitet, spes grk</i>
7500 - Forsikring		kr -	kr 14,087.00	kr -14,087.00	<i>ikke budsjettert pga feil i 2009</i>
4600 - Arrangement		kr -	kr 16,860.53	kr -16,860.53	<i>KM, julefest (2009 + 2010)</i>
7790 - Diverse kostnader		kr 40,000.00	kr 2,822.05	kr 37,177.95	<i>nettsider, postboks, representasjon</i>
1920 - Avsetninger til bank		kr -	kr -	kr -	
		kr 379,000.00	kr 470,412.12	kr -91,412.12	
SUM	kr 385,000.00	kr 379,000.00	kr 81,406.03	kr -75,406.03	

BSI Padling
REGNSKAP FOR 2010

Inntekter

3920 - Medlemskontigent	151,600.00
3600 - Kajakkleie (plasser)	158,900.00
3910 - Kursavgift	132,150.00
3400 - Tilskudd	107,774.15
3970 - Arrangement	100.00
3999 - Diverse inntekt	1,000.00
8040 - Renteinntekter	294.00

Utgifter

6300 - Leie lokale	230,473.00
4200 - Utstyr	105,725.50
6620 - Drifts/Reparasjon/Dugnad	10,516.04
6780 - Lønn instruktører	89,928.00
7500 - Forsikring	14,087.00
4600 - Arrangement	16,860.53
7790 - Diverse kostnader	2,822.05
1920 - Avsetninger til bank	0.00

TOTALE INNTEKTER 2010 **551,818.15**

TOTALE UTGIFTER 2010 **470,412.12**

Balanse pr.01.01.10

Kasse	0.00
Bank 1 (main account)	167,656.29
Bank 2	620.14
Bank 3 (reserve)	3,731.22
Saldo	172,007.65

Balanse pr 31.12.10

Kasse	0.00
Bank 1 (main account)	133,908.68
Bank 2	7.00
Bank 3 (reserve)	120,098.00
Saldo	254,013.68

ÅRS RESULTAT NOK **82,006.03**

Dinsdale, Kelda
Kasserer

Storebø, Michael
Leder

Sak 5: Innkomne forslag

Sak 5.1: Badstove i klubbnaustet

Forslagsstillar: Eirik Meyer Amundsen

Det har kome forslag om at klubben skal installere badstove i klubbnaustet.

Uttale frå styret

Vi har vore i kontakt med huseigar, og fordi naustet er freda får vi ikkje løyve til å installere badstove i 1. etasje der vi no leiger. Vi kan få installere badstove i den delen som no er toalett dersom vi inngår leigeavtale for heile 2. etasje i tillegg til det vi leiger no. Husleiga vil då auke med 201.445kr + straum, vatn og brannsikring.

Forslag til vedtak

Forslaget vert ikkje teke til fylgje.

Sak 5.2: Kjøp av naust

Forslagsstillar: Styret

Uttale frå styret

Dei siste åra har det kome fleire innspel til styret om at klubben bør kjøpe eit naust i staden for å leige. Styremedlemmene har i 2010 ikkje hatt kapasitet til å sjå etter nye lokaler. Sidan vi er eit studentidrettslag bør klubben ha tilhøyre nære Bergen sentrum.

Forslag til vedtak

Styret utfordrar medlemmene til å setje saman ein komité som undersøker aktuelle naust å kjøpe og rapporterer til årsmøtet eller evt ekstraordinært årsmøte når det er aktuelt å kjøpe, då det vil føre til store endringar i budsjettet.

Sak 6: Kontingent og naustleige

Styret foreslår at satsane vert uendra.

BSI Padling - Budsjett 2011

	Inntekter	Utgifter	Kommentar
3920 - Medlemskontingent	kr 135,000		<i>Budsjett for 2011 presenteres og godkjennes</i>
3600 - Kajakkleie (plasser)	kr 150,000		<i>på årsmøtet jan. 2011</i>
3910 - Kursavgift	kr 100,000		
3400 - Tilskudd	kr 50,000		
3970 - Arrangement	kr -		
3999 - Diverse inntekt	kr -		
8040 - Renteinntekter	kr -		<i>- renter legges til under Finansiering, se under</i>
6300 - Leie lokale		kr 250,000	
4200 - Utstyr		kr 80,000	
6620 - Drifts/Reparasjon/Dugnad		kr 15,000	
6780 - Lønn instruktører		kr 100,000	
7500 - Forsikring		kr 10,000	
4600 - Arrangement		kr 20,000	
7790 - Diverse kostnader		kr 5,000	
1920 - Avsetninger til bank		kr -	
SUM	kr 435,000	kr 480,000	

Finansiering 2011	Kr
Inntekter	kr 435,000
Saldo forrige år (brukskonto)	kr 133,000
Renter	kr 300
Total Finans 2011	kr 568,300

NOTER:

Driftsbudsjett for 2011 er budsjettert med underskudd for å bruke en del av overskuddet opparbeidet i løpet av 2010.
(deler av overskuddet skyldes etterskudd på manglende medlemskontingenter og kajakkleie fra 2009)

Justering av poster i forhold til regnskap for 2010 er i henhold til målsetting for 2011.

Post 3910 redusert - reduksjon i antall kurs for å kunne legge opp til oppfølgingstiltak av kursdeltakere.

Post 3400 redusert - stor usikkerhet i støtte fra Hovedstyret vektet i forhold antall studentmedlemmer.

Post 6780 er økt - oppfølging av kursdeltakere og nye kurs for høyere kompetanse utvikling.

Post 4600 er økt - økt aktivitet i tillegg til kursdeltakelse.

Valgkomiteens innstilling til årsmøte i BSI Padling 2011

Valgkomiteen startet sitt arbeid med å sende en forespørsel til det sittende styret om hvem som ønsket å ta gjenvalg. Deretter gikk man ut med en generell henvendelse til klubbens medlemmer via e-postlistene. Responsen har vært god, og valgkomiteen har kommet frem til følgende innstilling:

Leder:

Michael L. Storebø

Styremedlemmer:

Elin Thorsen, Bente Solberg, Espen Raa Nilsen, Eva Mykkeltvedt, Magne Ingvaldsen og Lillian Brekke

Varamedlem:

Edvin Fields

Godt valg!

Jonny Kvistad (sign.)

Valgkomiteens leder